



Stranda kommune

REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE

Gjeldande frå 01.01.2018

1.1 ORDFØRAR

Ordføraren si godtgjersle vert fastsett av kommunestyret.

1.2 VARAORDFØRAR

Varaordføraren si godtgjersle vert sett til 14% av ordføraren si godtgjersle. I ein eventuell permisjon til ordførar får varaordførar godtgjersle som ordførar.

1.3 FORMANNSKAP

Formannskapet sine medlemmer, utanom ordførar og varaordførar, skal ha ei godtgjersle på 7% av kr. 790 000,-.

Varamedlem i formannskapet får pr. møte 1,5 0/00 av kr. 790 000,-

1.4 LEIARAR I GRUPPE I

Leiar for følgjande utval får 7% av kr. 790 000,-.

Miljø og kommunalteknikk (MK)

Helse, oppvekst og kulturutval (HOK)

Kontrollutval

1.4.1 FUNGERANDE MØTELEIAR

Fungerande møteleiar gr. I når leiaren har forfall, får pr. møte 2 o/oo av kr. 790 000,-.

1.5 LEIARAR GRUPPE II

Leiarar for faste utval/nemnd/styre utanom gruppe I får pr. møte 1,5 o/oo av kr. 790 000,-.

1.6 MØTEGODTGJERSLE

1.6.1 Medlemer i kommunestyre, kontrollutval og hovudutval får pr. møte 1,5 o/oo av kr. 790 000,-

- 1.6.2 Medlemer i faste kommunale utval/nemnd/styre får pr. møte 1 o/oo av kr. 790 000,-.
Fungerande møteleiar Gr.II når leiar har forfall, får pr. møte 1,5 o/oo av kr. 790 000,-.
- 1.6.3 For telefonmøte blir det betalt godtgjersle på 0,5 o/oo av kr. 790 000,-.
- 1.6.4 Medlemer i komitear/arbeidsgrupper/adhoc-utval og kommunale representantar i årsmøte/generalforsamling og samarbeidsutval får pr møte 1 o/oo av kr. 790 000,-.
- 1.6.5 Varamedlem som møter i enkeltsaker i formannskap, kommunestyre og hovudutval får 0,5 o/oo av kr. 790 000,-.
- 1.6.6 For møte (heildagsmøte) over 7,5 timar blir det betalt 150 % møtegodtgjersle.
- 1.6.7 Godtgjersle pr møte skal rundast av nedover til næraste tital.
- 1.6.8 For større prosjektarbeid skal formannskapet fastsetje godtgjersle.

II. DEKKING AV UTGIFTER OG ØKONOMISK TAP

2.1 SKYSS-, KOST- OG OVERNATTINGSGODTGJERSLE

Folkevalde får skyss-, kost og overnattingsgodtgjersle etter kommunalt regulativ.

Reiser under 10 km ein veg blir ikkje dekt. Reisemåte for reiser over 100 km ein veg må avtalast på førehand med utvalsleiar/rådmann.

Skyssutgifter til møte i eit anna bygdela blir dekt. Skyssen skal samordnast.

Krav om godtgjersle må førast på eige skjema.

2.2 DEKKING AV TAP I INNTEKT

2.2.1 Legitimert tapt arbeidsinntekt (inkl. feriepengar) blir dekt inntil 7,5 timar pr. dag.

Maksimalt beløp for legitimert tap i arbeidsinntekt er tilsvarande ei dagløn for ordførar pr. tapt arbeidsdag. For kortare fråvær enn 7,5 t/dag blir maksimalsatsen redusert tilsvarande.

Sjølvstendig næringsdrivande kan leggje fram likningsattest og utskrift av siste års likning. Tap pr. dag blir utrekna etter netto årsinntekt dividert på 260 dagar.

Kapital-, leige- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærvær på arbeidsplassen, vert ikkje rekna med i grunnlaget. Maksimalt beløp for sjølvstendig næringsdrivande er tilsvarande ei dagløn for ordførar pr. tapt arbeidsdag. For kortare fråvær enn 7,5 t/dag blir maksimalsatsen redusert tilsvarande

2.2.2 Ulegitimert tapt arbeidsinntekt (inkl. feriepengar) blir dekt med kr. 150,- pr. time. Heil dag vert sett til 7,5 timar.

Andre utan vanleg lønsinntekt som har tap og utgifter som ikkje kan legitimerast i samband med utføring av kommunen sine verv, får erstatning med kr. 1.125,- pr. tapt heil arbeidsdag. I særlege høve kan formannskapet dispensere frå satsen for erstatning når denne gjev urimeleg låg dekning for tapet.

2.2.3 Tap i inntekt skal dokumenterast på fastsett skjema der det er mogeleg. Der det ikkje kan gjevast legitimasjon frå arbeidsgjevar, skal det nyttast eigenerklæring på fastsett skjema.

2.3 DEKKING AV UTGIFTER

Folkevalde som får utgifter til stedfortreder eller tilsyn/ettersyn av barn (under 10 år), eldre eller funksjonshemma, får dekt legitimerede utgifter på inntil kr 100,- pr time.

III. VILKÅR FOR UTBETALING

3.1 Dei som har årleg godtgjersle for eit verv, skal ikkje ha møtegodtgjersle for dette vervet med unntak av der anna er vedtatt.

3.2 Godtgjerslereglementet gjeld for medlemmer i utval/nemnd/styre/komité som er vald av kommunestyret/formannskapet/hovudutval i gruppe I. Om andre faste utval peikar ut ei arbeidsgruppe, så skal godtgjersla godkjennast av ordførar.

3.3 Tillitsvalde i partssamansett utval (PAU) har rett på godtgjersle.

3.4 For at folkevalde skal få utbetaling av godtgjersle, må møtet/synfaringa vere protokollført med opplysning om deltakarar, møtestad, møtetid og møtelengde (eige skjema). Sekretær for møtet skal sende opplysningane til servicekontoret.

3.5 Deltakarar på to eller fleire etterfølgjande møte, som varer 7,5 timar eller meir, får møtegodtgjersle for eitt møte, men med 150 % møtegodtgjersle (jfr. pkt. 1.6.7).

3.6 Deltaking på kurs/konferansar som fører til inntektstap eller utgift for folkevald, må dokumenterast ved rådmann/ordførar. Det blir ikkje utbetalt møtegodtgjersle for kurs/konferansedeltaking.

IV. TOLKING AV REGLEMENTET

Spørsmål om legitimasjon og tolking av reglementet skal avgjerast av formannskapet.